

ORDENSREGLEMENT FOR VINNES FRISKULE

Vedteke i styret 5. oktober 2021

Heimel for ordensreglementet:

Opplæringslova § 2-9 slår fast at den einskilde skule skal ha eit ordensreglement. Dette skal gjerast kjent for elevar og foreldre. Reglane gjeld på skulevegen, i skuletida både på skuleområdet, på turar, ved arrangement og på andre læringsarenaer. Opplæringslova § 3-5 slår fast at grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skulen. Opplæringslova § 3-6 seier at i grunnskulen skal det til og med 7. årstrinn berre gjevast vurdering utan karakterar i orden og åtferd

HOVUDMÅL: Me ynskjer at alle skal trivast og ha det godt på skulen!



Reglar for åtferd:

- Vis god folkeskikk og positiv framferd
- Vis omsyn og respekt for andre
- Ta medansvar for eit trygt og triveleg læringsmiljø
- Vis respekt for undervisninga/læringsarbeidet

Reglar for orden:

- Møt på skulen til rett tid
- Ver førebudd til undervisninga
- Hald orden



Plikter på skulen:

- 1) Den som tek ut utstyr i friminutta, har ansvar for å leggja tinga på plass.
- 2) Ta av utesko og ytterklede i gongen/garderoben, og bruk alltid_innesko.
- 3) Møt førebudd til rett tid på skulen, og ha med bøker og utstyr du treng.
- 4) Ta med gymnastikktøy til gymnastikktimane.
- 5) Viss du ikkje har fått gjort leksene, skal ha fritak for gymnastikk/dusjing, eller blir borte frå skulen, skal skulen ha melding frå foreldre/føresette om det. Me brukar digital meldingsbok til dette (Transponder).
- 6) Normalt skal elevane vera ute i friminutta. Ta på passende ytterklede. Rektor kan gje løyve til å vera inne.
- 7) Gå ikkje utanfor skulen sitt område utan løyve frå ein av dei vaksne.
- 8) Alle vaskar hendene kvar gong ein kjem inn på skulen.
- 9) Sjå til at det er heilt ryddig på arbeidsplassen når du sluttar for dagen. Bærbare PC-ar skal vera slått av og straumleidningen trekt ut av kontakten.



Dette er ikkje tillete på skulen, eller å ha på skulen:

- 1) Steinkasting og snøballkasting. Snøballkasting kan foregå innanfor tilvist område.
- 2) Tyggegummi og anna snop
- 3) Tobakk og rusmiddel
- 4) Sykling på skuleplassen i skuletida/SFO-tid/barnehagetid
- 5) Banning og ufin språkbruk
- 6) Knivar, våpen, våpenliknande gjenstandar eller andre farlege gjenstandar
- 7) Mobiltelefon og smartklokke skal berre nyttast etter nærare avtale. Viss slikt utstyr blir teke med, skal det vera slått av og ligga i ranselen. Klokke kan vera på armen i skulemodus/flymodus. Elevane har med private eigedelar på eige ansvar.

Kva skjer ved brot på ordensreglementet?

- a Ein av personalet snakkar til rette
- b Eleven kan få melding heim ,eller det blir teke kontakt med heimen på annan måte.
- c Eleven kan bli flytta over til eit anna rom eller i ei anna gruppe/klasse for resten av timen/dagen
- d Foreldra/føresette kan bli bedne om å henta eleven
- e Rektor kan utvisa ein elev for nokre timar eller resten av dagen. Då gjeld fylgjande prosedyre: Skulen skal først ha vurdert andre tiltak. Eleven skal ha hatt høve til å forklara seg. Rektor gjer vedtak etter å ha rådført seg med (kontakt)lærer. Viss ein elev over tid syner uakseptabel åtferd, og skulen i samarbeid med heimen ikkje finn tiltak som verkar, vurderer rektor i samråd med kontaktlærer melding til barnevernet. Skulen skal i slike høve kunna dokumentera kva for tiltak som er gjennomførde, likeeins dokumentera episodane, t.d. ved skjema «Melding om uakseptabel åtferd».

Foreldra skal ha melding og event. gje uttale under pkt. c, d og e.



Ein elev kan verta gjort ansvarleg for skade som vert påført skulen eller andre elevar sine eigedelar, viss skaden er påført med vilje eller sterk aktløyse (jfr. Skadeerstatningslova §1-2).